

Sluttrapport

Regional bevaringsplan for privatarkiv i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane (FSF) og Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal (IKAMR) har utarbeidd plan for bevaring av privatarkiv i dei to fylka.

Utgangspunktet var at dei to nabofylka hadde mykje likskap i samfunnsstruktur, og at eit samarbeid om analyse av den dokumentasjon ein har og om kva samfunnsområde ein bør konsentrere seg om framover vil vere nyttig. FSF har kome lenger både med ordning, registrering og publisering enn IKAMR.

Prosjektet har blitt gjennomført av Per Olav Bøyum ved FSF og Dan André Fiskum Velle og Gunnar O. Morsund ved IKAMR. Fylkesarkivar Arnt Ola Fidjestøl i SFS og Dagleg leiar Geir Håvard Ellingseter ved IKAMR har hatt prosjektleiinga.

Prosjektet er støtta med prosjektmidlar frå Riksarkivet, tildelt 1/7-2015 etter søknad av 19/5-2015. Tilskotet er på kr. 150.000.

Arbeidet som er gjort i SAMDOK og planar og målsetjingar frå Riksarkivaren har vore retningsgivande for utarbeiding av bevaringsplanen. Planen er bygd opp med først ein felles del om dei to fylka saman, deretter er planen utarbeidd med dei to fylka kvar for seg. Under kvart fylke er det gjennomført ein samfunns- og arkivanalyse for kvar einskild kommune. Arkivanalysen er basert på det dei to institusjonane har i sine depot. For Møre og Romsdal sitt vedkomande er det viktige depot utanfor IKAMR. I prosjektet har vi innhenta opplysningar frå Nordmøre Museum som vil bli registrert og lagt ut på Arkivportalen etter at det er gjort opprydding. Dette omfattar 621 arkiv.

Dei to arkivinstitusjonane har ulike føresetnader for sitt arbeid, men det var eit uttrykt mål å få registrert og publisert arkivmaterialet for privat sektor som finst i depota. FSF har god registrering av eige depot, men det finst nokre arkiv utanom som bør publiserast. IKAMR hadde mindre registrert, men no er alt registrert i ASTA og er eller vil verte publisert på Arkivportalen.

Mesteparten av kommunikasjonen mellom institusjonane i prosjektet har gått per telefon og e-post. Det har vore tre formelle møte, eit hos FSF og to hos IKAMR. Det var meininga at ein skulle ha formelle referansegrupper, men det var vanskeleg å få sett av skikkeleg tid til det. Vi har hatt kontakt med andre institusjonar med arkiv for å drøfte innhald og strategi for privatarkivi fylka.

Prosjektrekneskap

Fylkesarkivet

Arbeid	42 dagsverk	157 500,00
Prosjektleiing	7 dagsverk	26 250,00
Reisekostnader		5 260,00
Materiell		428,00
Delsum		189 438,00

IKAMR

Arbeid	68 dagsverk	255 000,00
Arbeid	9 dagsverk	33 750,00
Prosjektleiing	10 dagsverk	37 500,00
Reisekostnader		3 945,00

Materiell	1 936,00
Delsum	330 195,00

Sum **519 633,00**

Inntekter

Tilskott Riksarkivaren	150 000,00
Eigenfinansiering	
Fylkesarkivet	139 438,00
IKAMR	230 195,00

Sum **519 633,00**

Det er rekna ein timepris på kr. 500 inkludert sosiale og administrative kostnader.

Oppsummering bevaringsstrategi og –plan

I begge fylka bør ein satse på å få registrert og publisert arkivkatalog (ASTA og Arkivportalen) over bevarte privatarkiv både i og utanfor arkivinstitusjon. Oppgåva med å følgje opp registrering og vidare bevaring bør ligge til fylkeskoordinerande ledd.

I Møre og Romsdal ønskjer vi å prioritere desse områda innanfor næringsliv:

1. Den maritime sektoren som ved eit samspel mellom næringar har skapt den maritime klynga.
2. Møbel- og trevareindustrien som vaks fram frå mellomkrigstida. Møre og Romsdal er i denne samanhengen det viktigaste området i Noreg for utviklinga av denne industrien frå mellomkrigstida til no.
3. TEKO-industri som omfattar både tekstiltilverking, konfeksjon og sko. Industrien vaks fram i Romsdal, men i store delar av fylket var det sentrale bedrifter som var hjørnesteinar i det lokale næringslivet.

I Sogn og Fjordane er det naturleg å prioritere:

1. Reiseliv og turisme – til dømes hotellarkiv
2. Jordbruk, fiske og næringsmiddelverksemd. Døme meieriarkiv.
3. Sogn og Fjordane er eit fylke rikt på kraftressursar. Som ein konsekvens av det har det òg vakse fram fleire hjørnesteinsverksemdar innan metallindustri. Å dokumentere denne næringsaktiviteten vil også bli sett høgt.
4. Særprega og til dels eineståande verksemdar som fylket har hatt.

Innansfor organisasjonslivet bør begge fylka prioritere:

- a) Fråhaldsrørsla (DNT, IOGT, Blå Kors).
- b) Frilynde ungdomslag og mållag (kanskje i samarbeid med Ivar Aasen-tunet)
- c) Den kristne lekmanrørsla – indremisjonen
- d) Musikkorganisasjonane – gjerne etter same ordning som Arbeiderbevegelsens arkiv.
- e) Næringsorganisasjonar som fiskarlag og bondelag.
- f) Samfunnsorganisasjonar som helselag, sanitetsforeiningar, husmorlag.

Begge fylka har motkulturrørsleberne stått sterkt, og har prega samfunnet. Difor er det viktig å ha dokumentasjon på desse.

Arkiv etter einskildpersonar må vurderast i kvart enkelt tilfelle ut frå eit historisk verdiperspektiv.

Kordinering og samordning

Vi ønskjer ei nasjonal koordinering og samarbeid mellom arkivinstitusjonar for å oppnå ei brei dekning av samfunnsområde i arkiva samla. SAMDOK og Riksarkivaren si koordinerande rolle er vesentleg for å få best moglege arkivsamlingar med dei knappe ressursane som finst.

Vi ser føre oss eit nært samarbeid mellom FSF og IKAMR på privatarkivområdet der vi mellom anna kan ha fordeling av oppgåver og kompetanse.

FSF har og bør ha den dominerande rolla institusjonen har i Sogn og Fjordane. IKAMR må utvikle vidare eit samarbeid mellom institusjonar med arkiv i fylket. Det er ei målsetjing at IKAMR skal kunne bevare større mengder privatarkiv. For begge institusjonane er det grunnleggjande at registrering og publisering gjennom Arkivportalen vert gjennomført for privat arkivbestand i fylka.

I og med at Sogn og Fjordane og Hordaland skal slåast saman til ein region/fylke vil det truleg bli ei større samordning eller samanslåang av arkivinstitusjonar i dei to fylka. Ein kan likevel sjå føre seg eit samarbeid og koordinering også vidare med Møre og Romsdal.

For prosjektgruppa

Gunnar O. Morsund /s.